

Steinsamler funnet i god behold

(VG Nett) En mann som var savnet ved Svelvik i Vestfold, kom til rette søndag kveld.

Av **ROBIN STENERSEN**

Mannen i 30-årene hadde ikke gitt lyd fra seg på fire timer da han ble meldt savnet. Han var på tur med kamerater og samlet stein i et område i nærheten av Berger i Svelvik søndag. - Han ble funnet i god behold. Han forklarte at han hadde gått seg vill og at batteriet på mobiltelefonen var flatt. Han greide å ta seg til bebodd område på egen hånd, og fikk haik med en bil, sier redningsleder Joe Hallvard Braseth ved Hovedredningsentralen Sør-Norge til NTB. Et redningshelikopter samt polititjenestemenn med redningshunder og mannskaper fra Røde Kors deltok i letingen, opplyser Hovedredningsentralen for Sør-Norge til VG Nett. Det var resten av turfølget som meldte mannen savnet etter at de hadde skilt lag. Letingen foregikk i et begrenset, men svært kupert område. (VG NETT 12.11.06 kl. 22:53)



Gladnytt frå Svelvik

Frå
"Dag og
Tid":

Svelvik har til no på mange måtar delt lagnad med Sveits, eg har ikkje heilt klart å setje dei på kartet. Noko som på ingen måte står i høve til at Svelvik, denne Vestfold-perla, er fødestaden til far min (i tillegg til revystjerna Lalla Carlsen og suksessforfattaren Elias Kræmmer).

Men endeleg er eg i stand til å gjere noko med det, då NRK sitt tekst-TV i dag kunne formidle den glade budskapen at ein sakna Svelvik-mann i trettiåra var komen til rette att. Mannen, ein ivrig steinsamlar, hadde gått seg vill (noko som er lett å gjere i Svelvik, særleg i fylla), men hadde ved eiga hjelp klart å ta seg fram til ein gard.

Lenge vurderte eg å gjere noko meir med denne historia, til dømes setje ho inn i eit større perspektiv, men no trur eg ho kan få stå som ho står. Og eg sit likevel att med den gode kjensla av å ha betalt tilbake noko av det eg skyldar farsslekta mi. For noko må det vel vere.

Fine mineral frå Svelvikområdet: Akvamarin høgd 14 mm. Nok til lang skugge ved middagsleite ein vakker solvervsdag. Innfelt: Topas høgd 10 mm, (same området). Foto STEIN/ghw.


PÅ VILLSTRÅ I NOVEMBERTÅKA

Kven du er, veit eg framleis ikkje, men du skal veta: Påvillstråsnåvinga di har gjeve Ragnar Hovland nær frelse i høve til farsslekta si, eit karstykke i seg sjølve. Kanskje finst det enno von om at han gjer om att avgjerda si om å sleppe denne saka no. Ho er for god til det. Ei oppmoding til forfattaren Ragnar Hovland: Gå inn i det store perspektivet Ragnar! Årsakinga di, det der med farsslekta, - held ikkje. "1964" nyboka i haust, hadde dette gode store, men samstundes tronge perspektivet. Det ein veks i og ut av.

Som i boka til R.H. -, - og han som gjekk seg vekk i granskauen, men stod på og klarte brasane på eit vis. - Kom attende til menneska, men utan gode mineral, vil eg tru. Men han hadde truleg nok fra før? Om ikkje, det kjem ljosare tider. Om villgangaren veit kor han hadde vore? Omlag i landet ingen eig? Då er me attende. Me tar fatt i ein av dei "93 diskutabile sanningane" i frå boka der R.H. skreiv føreordet (se STEIN 4-05). Til dømes: "Allemannsretten - gjeld berre - i ingenmannsland"

Høver godt når ein er tapt på hi sida av skigarden, om enn ikkje så langt heimanfrå. Meld deg villstråmann, Ragnar og eg vil veta meir!

ghw



Røykkvarts, nesten frå Svelvikområdet, lengde 44 mm. Foto STEIN/ghw